



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14517 - 21/7465

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
02.02.2021

Vedtak til klagevurdering - gbnr 328/7 garasje i LNF til hytte Grasdal

Tiltak: garasje med dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 328/7
Tiltakshavar: Gerry Andre Hasselquist Borge
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealdel i kommunedelplanen for Meland for oppføring av garasje til eksisterande hytte på gbnr 328/7 i LNF-område.



Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av garasje med bygd areal (BYA) opplyst til å vere ca. 49,2 m². Eksisterande fritidsbustad har BYA på ca. 96,82 m². Utnyttingsgrad er opplyst til ca. 3 % BYA.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluft (LNF) i kommunedelplanen for Meland.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Meland er definert som LNF-føremål.



Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluft (LNF) i arealdelen til kommunedelplanen for Meland.

Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjon den 02.02.21, der følgjande vedtak vart fatta:

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluft (LNF) i arealdelen til kommunedelplanen for Meland for oppføring av garasje på gbnr 328/7 på Grasdal.

Dispensasjon er gjeve på følgjande vilkår:

1. Det må ligge føre dispensasjon frå byggjegrænse mot fylkesveg før garasjen kan byggast.
2. Det skal sendast melding med vedlagt situasjonskart når tiltaket er ferdig til registrering av tiltaket i matrikkelen.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering nedanfor.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post larissa.dahl@alver.kommune.no

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon for oppføring av garasje på vilkår - gbnr 3287 Grasdal
Målestokk tegning
Fasade snitt Odin
Odin frontfasade
odin side fasade
Begrunnelse fra søker
Situasjonsplan

Kopi til:

Gerry Andre Hasselquist Borge Ådlandsvegen 356 5919 FREKHAUG

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
Vestland fylkeskommune Infrastruktur og Askedalen 4 6863 LEIKANGER
Veg